

KØYREREGLAR FOR SAMKVEM MED ANDRE

Holmedal montessoriskule

Vi ynskjer ikkje negative kommentarar.

Gje nye ting ein sjanse. Etter å ha gjennomført ein aktivitet kan ein eventuelt komme med synspunkt på om ting burde vore gjort annleis. Det går an å ta det opp i samling, eller med ein av lærarane på tomannshand.

Vi er høflege og merksame mot alle.

Vi tek oss tid til å seie "God morgon!" til kvarandre, både store og små. Vi skal la andre komme først, hjelpe andre som har det vondt, trøste, eller seie frå til ein vaksen.

Alle må vite skilnaden på å sladre og å seie frå: Det første gjer du for at andre skal få kjeft, det andre gjer du fordi du vil hjelpe nokon.

Konfliktløsning er eit prioritert område.

Alle elevar og tilsette ved skulen, samt foreldra, skal kjenne til og ha innsikt i dette, som er avgjerande for å førebyggje mobbing på skulen.

- I konfliktløsning skal alle involverte partar verte lytta til.
- Alle involverte partar skal komme med framlegg til løysingar som hindrar at konflikta gjentar seg.
- Konfliktløysinga vert ikkje avslutta før avtaler er godkjende av alle partar, og alle er vel forlikte.
- Lærar følgjer opp, og ser til at avtalene vert følgde.

